

Bø blad er lokalavisa for Midt-Telemark, ein kommune i sterkt vekst og utvikling, med rundt 11.000 innbyggjarar. Aktiviteten er stor på dei fleste område i kommunen, og det er mykje spennande som skjer. Bø blad blei etablert i 1986, og kjem ut ein gong i veka på papir og kvar dag på nett. Avisa er uavhengig og eig lokalavisa Kanalen på Ulefoss. Bø blad har eit opplag på 3009 (2024).

Me søker etter:

JOURNALIST

100 % FAST STILLING
Søknadsfrist: 10. april 2025

Bø blad – lokalavis for Midt-Telemark har i dag ansvarleg redaktør og tre journalistar, og skal nå styrke redaksjonen. Me søker derfor ein allroundjournalist i 100 prosent fast stilling, som vil komme tett på ulike folk og miljø i lokalsamfunnet.

Me ser etter deg:

- som er nysgjerrig, glad i menneske og likar å finne og formidle gode historier
- som er samfunnsorientert og interessert i det som skjer i nærmiljøet
- som kan like å jobbe i ein liten redaksjon, der me bryr oss, samarbeider tett, lærer av og heier på kvarandre
- som vil bidra til å gjøre ein forskjell i folks liv gjennom lokalavisa sitt samfunnoppdrag, og som kjenner til presseetikk og journalistiske metodar

Hos oss får du:

- Ein spennande arbeidsplass, der ingen dag er lik
- Fast stilling og stor innverknad på eigen arbeidskvardag
- Varierte arbeidsoppgåver, med kort veg frå idé til gjennomføring
- Eit inspirerande og trygt arbeidsmiljø der det er lov til å spørre, og hyggelege og engasjerte kollegaer

Arbeidstid vil normalt vere på dagtid, men du må rekne med kvelds- og helgearbeid i turnus.
Oppstart: august-september 2025

For spørsmål og meir informasjon, kontakt:
Ansvarleg redaktør Hilde Eika Nesje, tlf 947 89 450
Søknad kan sendast på e-post til hilde@boblad.no

Kvalifikasjonar:

- Erfaring eller utdanning innan journalistikk er ein fordel, men ikkje eit krav
- Språksikker og stødig i norsk, glad i skriftleg formulering
- Må kunne formidle kompliserte tema på ein enkel måte
- Tar gode bilde og kan filme
- Kan ta i bruk ny teknologi og er interessert i nye måtar å fortelje på
- Er sjølvgående, effektiv og kan jobbe raskt og nøyaktig under tidspress
- Må ha førarkort og disponere bil